

## Referat frå møte i Røldal fjellstyre

Frammøte: Ingebjørg Nordby Seim, Torleif Fresvik, Svein Myrheim og Randi Legård

Fråvær: Helleik Rabbe, Magnus Solbakken

Tid: 15. februar 2010 kl. 1700 – 1930

Sak 01/10: Ingen merknad til innkalling

Godkjenning av protokoll – ingen merknad

Sak 02/10: **Ørekjete i Ståvatnet**

Borgstrøm har avslutta arbeidet og rapporten syner at ørkyta kjem frå ulike stammer i nærmiljøet på austsida av vassdraget.

Det er tatt kontakt med Fylkesmannen for vidare handsaming.

Sak 03/10: **Jegerprøvekurs**

Nils Åge ventar på naudsynt kursing, startar opp kurs så snart som råd.

Sak 04/10: **Rypeforvaltning**

Det er kome innspel frå SfH om rypeforvaltning der arbeidsgruppa foreslår å redusera rovvilt – måke og raudrev, samt arrangera rypemøte og føra statistikk over jaktuttak.

Røldal fjellstyre satte i 1998 i verk freding av eit avgrensa område av statsallmenningen for å sjå om jaktopphald hadde positiv effekt. No ser me at 5 år med fredning gjev meir lirype, fjellfuglen er me meir usikre på.

I 2009 foreslo me samarbeid med Odda om avgrensa vinterjakt for rype utan å lukkast.

Tiltak:

- meir jakt på måke og raudrev
- utsatt jaktstart
- redusera jaktuttak
- samarbeid med andre grunneigarar og fjellstyre
- salting av høgfjellvegane, korleis verkar det på rypa?

Sak 05/10: **HF – tenestekjøp 2009 og 2010**

Sluttrapporten for 2009 syner at det er nytta mange timer til fiskeskjøtsel og -oppsyn.

For 2010 ønskjer me meir oppsyn av småviltjakt, spesielt i tida då andre vald har starta jakt og me ikkje. Elles ser det ut til at fiskestørleiken i Uravatnet har vorten betre, så der kan utfiskinga opphøyra. Fiskeoppsyn på Røldal statsallmenning er berre naudsynt etter 1. august då garnfisket byrjar. Me er glade for tilsyn med hyttene og brannvern. Villreinoppsyn etter behov.

**Røldal fjellstyre ønskjer nærmere informasjon om fiskeoppsyn i 2009, kor og når? Me ønskjer og å samtala med dagleg leiar av Fjelloppsynet i samband med vårmøtet.**

**Sak 06/10: Disposition av bankkonto**

I samband med skifte i dagleg drift krev banken skriftleg disposisjonsrett frå styret. Vedtak: Randi og Ingebjørg har disposisjonsrett, skriftleg og underskriven godkjenning føreligg.

**Sak 07/10: Drift av fjellstyrehytte**

Torleif har tinga 30 sekkar ved som vert fordelt på dei tre hyttene, 20 i Hellevatnet og 10 på Ninive. Torleif sørger for transport og ettersyn av gass i Hellevatnet, Helleik har ansvar for Ninive.

Det er mange som har utstyrsboksar som ikkje nyttar dei meir. Torleif sender brev med forspurnad om fortsatt bruk og innkrevjing av leiga – kr. 200,- pr. år.

Overnattinga for 2009 syner 72 overnattingsdøgn.

**Sak 08/10: Samjakt – Odda / Ullensvang**

Det hadde vore ønskjeleg med utvida samjakt med dette valdet. Området det vert søkt for ligg vest og nord for noverande samjakt-terreng.

**Sak 09/10: Skriv og meldingar**

12.02.10	Møtebok, øvre Nummedal
08.02.10	HF – ang. møter i vinter
03.02.10	SfH, salerapport, datainnsamling
31.01.10	Søknad om fellingsløyve
25.01.10	Møtebok, Ulvik
20.01.10	Søknad om fellingsløyve
12.01.10	Møtebok – Ullensvang
22.12.09	Møtebok, SfH
02.12.09	Møtebok, Ulvik

**Sak 10/10: Moglege andre saker**

Kvote 2010 – det ligg føre forslag på kvote, handsamast på neste møte.

Odda kommune skal handsama modell for nasjonalparkforvaltning, Røldal fjellstyre har kome med innspel for kommuneleiinga der me legg vekt på at eventuell ny leing bør vera stasjonert på vestsida av Hardangervidda. Samarbeid med fjellstyre og oppsyn er naturleg.

## **Samjaktavtale**

Mellom Røldal statsallmenning (HA 280) og Ullensvang statasallmenning (HA 282/HA 282).

Det er inngått samjaktavtale mellom ovannde partar for 2010.

1. Innanbygds jegerar med fellingsløyve for villrein utskrive på Røldal statsallmenning (HA 280) kan jakta i eit område på sørsida av Bjørnavassdraget i Ullensvang statsallmenning (HA 281/HA 282) der grensa mot aust fylgjer bekken frå Vetla Urdavatnet til Bjørnavatnet, deretter sørsida av Bjørnavassdraget vestover til Sigridtjørn og i rett line frå vestlegaste punktet i Sigridtjørn til Bjørnaskallen.
2. Innanbygds jegerar frå Odda og Ullensvang (kort stempla HA-281 el. HA.282) kan jakta i heile Røldal statsallmenning i det tidsrommet avtala gjeld.
3. Samjaktavtalen gjeld frå og med onsdag den 1.september og til og med torsdag 30. september kl. 19.00. Det er ein føresetnad at jakttida og nattefredinga i Røldal statsallmenning er som i Ullensvang statsallmenning.
4. Jakttida i Ullensvang statsallmenning er fastsett til å gjelda f.o.m. 20 aug t.o.m. 30 sept. Det er innført nattefreding frå kl 19.00 til kl 07.00.
5. Det er ikkje tillete med jaktlag i Ullensvang statsallmenning under villreinjakta 2010. Dette gjeld og dei som det vert inngått samjaktavtale med.
6. Fellingsavgift vert betalt av det fjellstyret som har levert ut kortet til jeger.

For Røldal fjellstyre

For  
Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning

Dato / underskrift

Dato / underskrift

## Referat fra møte i Røldal fjellstyre

**Frammøte:** Ingebjørg Nordby Seim, Randi Legård, Torleif Fresvik, Svein Myrheim, Håkon Sandal

**Tid:** 31. mai 2010 kl. 1800 - 2200

**Sak 11/10:** Ingen merknader til innkalling og godkjenning av protokoll

**Sak 12/10:** Godkjenning av rekneskap og årsmelding

Generell kommentar: liten inntekt p.g.a lave kvoter. Reservekapitalen går sakte men sikkert nedover. Resultat 2009: underskot kr. 139.903,-

Utgifter til Hardangervidda Fjelloppsyn på kr. 119155 er ei auke på mest 50.000,- manglar her refusjon frå Statsskog? Saken er tatt opp både med Statsskog Sør og Vest, det vil foreliggja ei forklaring snarast.

Diskusjon om avgrensning av utgifter.

Ingebjørg las revisjonsmeldingen. Rekneskapet einstemmig godkjent.

Årsmelding – opplesen og godkjent.

**Sak 13/10:** Prisar på jakt- og fiskekort 2010

### Storviltjakt

Fritt dyr:	1200,-	2400,- (utanbygds)
Simle/ungdyr:	900,-	1800,-
Kalv:	400,-	800,-

### Småviltjakt

1 dag:	200,-
2 dagar:	300,-
3 dagar:	400,-
Veke:	600,-
Sesong:	600,- (innanbygds) 1200,-

### Fiske

1 dag:	50,-
3 dagar:	100,-
Veke:	150,-
Sesong:	300,-
Felles veke:	300,-
Felles sesong:	500,-
Garnfiske:	250,- (innanbygds)

**Hytteleige** Overnatting pr. pers. pr. døgn: kr. 50,- (innb.) kr. 100,- (utanbygds), arbeidsfolk – ligg gratis. Betaling - giro  
Einstemmig vedteke

**Sak 14/10:** Rypeforvaltning

Lite fugl har det vore i mange år, avgrensa sal av jaktkort.

**Småviltjakt utan hund.**

**Jaktstart: 20. september 2010 – 1. mars 2011**

**Henvending til naboterrenga om same oppstartsdato.**

**Sak 15/10:**

**Stand – Røldalsmarknaden**

**Samarbeid med SNO – fjellstyret stiller med mannskap, liste med tider kjem seinare. Kven kan når?**

**Sak 16/10:**

**Hyttebygging - Dompetjøn**

**Det er ikkje opna for privat hyttebygging i Statsallmenningen.**

**Sak 17/10:**

**Samjaktsavtalar**

**Røldal fjellstyre går inn for gjensidig samjakt med HA 290 og HA 300 med atterhald om at jegarene ikkje bur på fjellstyrehytter.**

**Samjaktsavtalen med Ullensvang vert som i 2009, sjå vedlegg.**

**Sak 18/10:**

**Fjos – Hadlene, takskade**

**Snømåking – Røldal Bygdeteneste.**

**Torleif skriv ein skaderapport til Gjensidige og kontaktar selskapet.**

**Reperasjonsarbeid må starte snarast, fjellstyre innhentar anbod etter avtale med forsikringsselskapet.**

**Sak 19/10:**

**Storviltjakt**

**Jakttid: 20. august – 30. september 2010**

**Nattefreding: 1900 – 0700**

**1. Overføring av kort: Det er ikkje tillete med overføring av kort før alle varamennene har fått kort.**

**2. Det er ikkje tillete med jaktag i før alle varamennene har fått kort.**

**3. Jaktkort som vert levert til Røldal fjellstyre før 1. september, vert 100% refundert og vidareselt til evt.vara for same pris dersom det er vert varaliste, elles fell ordninga bort.**

**Ungdomsjegerar: 16 – 17 år med jaktprøve og tilsynsjeger som søker kort, får gratis simlekort.**

**Jegerar på varalista frå 2009, trekk fyrst i år dersom varaliste i år.**

***Søknadsfrist: 20. juni 2010***

**Sak 20/10:**

**Hyttevedlikehald**

**Eriksbu treng nedvask, rydding og noko vedlikehaldsarbeid. Fjellstyret gjer arbeidet på dugnad, helga 23. – 25. juli.**

**Sak 21/10:**

**Skriv og meldingar – orienteringssaker**

**Oppsummering av ørkyteprosjektet – juni 2010**

**Hardangervidda fjelloppsyn – internkontroll av hyttene**

**Hardangervidda villreinutval - Minimumstelling**

**Hardangervidda villreinutval - Kvote 2010**

**Landsmøte i fjellstyresambandet; 10. – 11. juni 2010 på Oppdal**

**Tiltak for barn og unge; 1. Statsskog      2. Fjellstyresambandet**

**Møtereferat; Eidfjord fjellstyre**

**Møtereferat – Rauland fjellstyre**

**Møtereferat - Ullensvang fjellstyre**

**Møtereferat – Øvre Nummedal fjellstyre**  
**Røldal Egedomsselskap, årsmøte**  
**Høring for ikrafttredelsestidspunkt for fjellstyrevedtak**  
**Internt:**  
**Rapport om gjennomføring av jegerprøven**  
**Søknad om gevinst – Røldalsmarknaden**  
**Søknad – Storviltjakt, utanbygdsjegerar**

## Referat frå møte i Røldal fjellstyre

Frammøte: Ingebjørg Nordby Seim, Torleif Fresvik, Svein Myrheim, Randi Legård

Fråvær: Helleik Rabbe

Tid: 20. juni 2010 kl. 1800 – 2000

Sak 22/10: Ingen merknad til innkalling

Godkjenning av protokoll – ingen merknad

Sak 23/10: Sakliste for møte i Samarbeidorganet for Hardangervidda

Det er styremøte i SfH 28. juni i Vinje. Torleif Fresvik reiser frå Røldal fjellstyre. Sakliste gjennomgått og diskutert.

Sak 24/10: Sakliste for Hardangervidda fjelloppsyn as – generalforsamling

Det er generalforsamling same dag. Torleif Fresvik har fått skriftleg fullmakt til å representera Røldal fjellstyre.

Saklista er diskutert.

Sak 25/10: Interne saker

Ejos – Hadlene: Taket er reve, nye sperr kjem 21. juni. Martin skjer til. Taket må opp så fort som råd, pga. stølinga tek til snart.

Eit mindre tilbygg kostar og set Hasselmo opp sjølv.

Ørkyta – Ståvatnet: Torleif avtalar møte med samarbeidspartnarane, oppsummerar og fordel utgiftane. Fylkesmennene tek saken vidare.

Fiskesessong – Hedlevatnet: Det er kome ønskje om utvida garnfisketid i Uravatnet og Hedlevatnet. Fisketida er ut september for 2010.

Villreinkort – 2010: Kvoteforslaget er anka, ei ny sakshandsaminga tek tid. Me fordelar kvoten så snart han foreligg.

## Referat frå møte i Røldal fjellstyre

**Frammøte:** Ingebjørg Nordby Seim, Torleif Fresvik, Svein Myrheim, Randi Legård, Håkon Sandal og Magnus Solbakken

**Fråvær:** Helleik Rabbe

**Tid:** 27. oktober 2010 kl. 1800 – 2130

**Sak 26/10:** Ingen merknad til innkalling  
Godkjenning av protokoll – ingen merknad

**Sak 27/10:** Møte i Samarbeidorganet for Hardangervidda  
Det er styremøte i SfH 13. november på Geilo. Magnus Solbakken, Ingebjørg N. Seim og Torleif Fresvik reiser frå Røldal fjellstyre. Saklista er ikkje kome, men budsjettet for refusjonssøknad føreligg og blei gjennomgått og diskutert. Søknadsbudsjettet for refusjon er ok, med følgjande merknad:  
Vedtak: Dersom budsjettet for refusjon gjenspeglar det reelle budsjettet som skal gjelda for fjellstyra i 2011, så stiller Røldal fjellstyre spørsmål ved utgiftsnivået til oppsyn. Totalprisen er etter vårt syn altfor høg og må reduserast monaleg. Dersom den ikkje vert til å leva med, må me sjå oss om etter andre ordningar.

**Sak 28/10:** Rypeprosjektet  
Dette er eit viktig arbeid som me håpar skal gje betre kår for rypa som slit med å overleva. Tiltak må etter vårt syn omfatta store areal, både privat grunn og statsallmenning. Prosjektskissa gjev lite informasjon om skilnaden på lirype og fjellfugl. Korleis kan fjellfuglen takserast? Tiltak som omfatter lifugl vedgår oss i liten grad, då me forvaltar terreng med fjellfugl med få unntak. Me synast at utgiftsfordelinga mellom SfH og HG er skeiv, den skulle vel vore motsett sett ut frå areal? Korleis er elles utgiftsfordelinga tenkt, etter areal?

**Sak 29/10:** Rypejakt – lokalt  
Jakta går som først vedteke då me ser at det er vanskeleg å få med naboterenga på vinterfredning. Forslag om innskrenka jakttid i 2011.

**Sak 30/10:** Status for hytter og stolar  
Hyttene:  
Eriksbu – blei vask ned, rydda og vedlikehalde grundig i sommar.  
Utsyrsboksar blei tømt og reparert, glas og dørar blei måla og justert og ein oversikt over vidare vedlikehald ligg føre.

*Gamlebua* – der har me skifta omn og tetta lekkasje rundt pipa. Forslag om at denne hytta bør vera låst med nøkkel på kjend stad, då det er mange uregistrerte overnattingar her. Vaske- og ryddedugnad her neste sommar.

*Ninive* - Helleik har låst. Det ligg føre planar om å oppgradera kjøkenkroken.

Boss må ut i vinter, ved og gass er det nok av.

Takk til alle som har hjelpt til med arbeid og tilsyn.

**Stølane:**

*Ulevåbotn* – Nils Åge held orden på hus og tun, vegen er i orden.

*Hadlene* – snø og vind raserte fjostaket, det er reparert.

*Hasselmo* har bygd om innvendig tak i ysterom pga krav frå mattilsynet og forlenga fjoset litt.

*Midtfjellsollen* – status quo.

*Ståvassvika* – alt i orden.

Det er mykje småfe på stølane og god ost vert kokt, nokre kyr gjev og rjome. Flott med fe og folk i fjellet og god drift.

**Sak 31/10:** **Interne saker**

Motorferdsel på nedre Hellevatnet er ikkje tillete før 1. august og då berre i samband med garnfiske og villreinjakt.